



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Miljøvernavingdelinga

Sakshandsamar:

Inspeksjonsrapport

Saksnummer: 08/783

Informasjon om verksemda

Namn: Purkehola avfalls plass	Dato for inspeksjonen: 23.10.08
Adresse: Markgata 1, 6900 Florø	Telefon:
Besøksadresse:	Organisasjonsnr.: 935 473 578
Kommune/kommunenr.: Flora	Bransjenr. (NACE-kode): 90.000 Kloakk- og renovasjonsvirksomhet

Tilstades under kontrollen

Frå verksemda: Reidulf Refsnes, Magne Bakke, Inge Flister	Frå Fylkesmannen: Gøsta Hagenlund
--	--------------------------------------

Hovudtema for kontrollen:

Gjennomgang av hovudkrav i nytt utsluppsløyve for avfalls plassen

Resultat frå kontrollen:

Rapporten omtalar eventuelle avvik som vart konstatert, og merknader som vart gjevne under kontrollen. Definisjon av avvik og merknader er gjevne på side 2.

Fylkesmannen avdekkar 3 avvik og 2 merknadar under kontrollen.

Oppfølging etter kontrollen:

Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding som gjer greie for dei tiltaka som er gjennomførte og eventuell tidsplan for ytterlegare tiltak for å rette opp avvik.

Pålegget om skriftleg tilbakemelding er gjevne med heimel i forureiningslova § 49. Vedtaket kan påklagast innan 3 dagar etter at pålegget er motteke, jf. forvaltningslova § 14. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Fylkesmannen.

Nærare omtale av tidsfristar for oppfølging, varsel om tvangsmulkt og vedtak om gebyr føl av oversendingsbrevet til denne kontrollrapporten.

Stad: Leikanger

Dato:
12.11.2008

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Omfang av kontrollen

Kontrollen var førehandsvarsla som lekk i oppfølging av nytt utsleppsløyve. Kontrollen omfatta berre viktige krav i vilkåra som har mykje å seie for miljøet, som er nytt i høve til tidlegare eller der vilkåra set fristar for tiltak o.l. som er nær i tid. Kontrollen omfatta ikkje verifikasjon på plassen, eller gransking av andre dokument som må utarbeidast som følgje av løyvet eller nyare krav i miljøvernlovverket. M.a. var endring av internkontrolldokument eller nye rutinar/prosedyrar ikkje del av kontrollen denne gongen.

Definisjon på avvik og merknader

Avvik: Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga, t.d. brot på krav i ureiningslova, produktkontrollova, forskrifter med heimel i desse to lovene, eller krav og vilkår fastsett i utsleppsløyve eller dispensasjonar.

Merknader: eit tilhøve som tilsynsetatane finn naudsynt å påpeike på for å ivareta helse, miljø og sikkerheit og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Informasjon om vedtak om tvangsmulkt

Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke den skriftlege tilbakemeldinga innan fristen, kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt blir gjeve med heimel i forureiningslova § 73 og/eller produktkontrollova § 13. Ei eventuell tvangsmulkt kan fastsetjast som eit eingongsgebyr eller eit løpande dagsgebyr som gjeld så lenge tilbakemeldinga ikkje er motteke.

Resultat av kontrollen:

Avvik 1. Framlegg til reinseløysing er ikkje utarbeidd

Brot på vilkår 3.6 om sigevasshandtering

Kommentar. Ansvarleg skal innan 1.9.08 ha sendt til Fylkesmannen framlegg til reinseløysing. Fylkesmannen har motteke brev frå Flora kommune der ein konsulent har vurdert kravet om reinsing. I oversendinga til Fylkesmannen er det stilt spørsmål om det i det heile skal reinsast, og omtalen i rapporten gir ikkje grunnlag for den ansvarlege for å vurdere investeringsbehov, reinseteknisk løysing eller avklaring av arealbehov. Fylkesmannen viser til at spørsmålet om reinsing er endeleg vedteke og ikkje gjenstand for klagehandsaming. Rapporten viser igjen at grunnlaget for unntak frå kravet om dobbel botntetting ikkje er til stades – då det vert vist til at måleverdiane jamt over er låge, og såleis indikerer innlekking av framandvatn og fortynning. Vi viser også til kravet om at drift etter 15.7.2009 berre kan skje på areal som tilfredstillar krava om botntetting. Dette vil medføre omfattande investeringar på plassen, og vi minner om at deponiansvarleg må ha eit forsvarleg teknisk og økonomisk opplegg for dette.

Avvik 2. Dokumentasjon på overvåkingsprogram for sigevatn og grunnvatn og dokumentasjon på gjennomført overvaking kunne ikkje leggest fram

Brot på vilkår 4.2 om overvaking

Kommentar. Ansvarleg skal snarast råd etter løyveutskrivninga ha utvida prøvetakinga i samsvar med program utarbeidd i samsvar med vilkår 4.2 og SFT veileder TA 2077/2005. Per 12.11.08 kan ikkje Fylkesmannen sjå å ha motteke dokumentasjon på at overvåkingsprogrammet eller den faktiske prøvetakinga og analyseringa tilfredsstillar dei nye krava.

Avvik 3. Oppdatert miljørisikoanalyse og innføring av risikoreduserande tiltak er ikkje gjennomført

Brot på vilkår 8.1 om etablering av beredskap

Kommentar. Deponi har eit sett av faremoment for akutt ureining, m.a. brann, gasseksplasjon, brot på leidningar, vassureining, m.m. På bakgrunn av risiko må det utarbeidast beredskap mot akutt ureining.

Det vart opplyst at det frå tidlegare er utarbeidd prosedyrar for vurdering av branntryggleik og sløkking av brann. Fylkesmannen vil merke at utarbeiding av miljørisikoanalyse og beredskap i samband med denne omfattar også andre fareområde.

Merknad 1. Mottakskontrollen føl ikkje minimumskrava i vedlegg II til deponikapitlet i avfallsforskrifta

Kommentar. Verksemda er ikkje godt nok oppdatert på minimumskrav til mottakskontroll. Avfall vert truleg teke i mot utan at alt avfall er tilstrekkeleg basiskarakterisert. Avfall som ikkje kan deponerast

har vore avvist utan at Fylkesmannen har fått melding, eller avfallet er teke i mot for nærare forbehandling.

Merknad 2. Regelbunden kontroll av gassproduksjon og gasslekkasje er ikkje gjennomført

Kommentar. Tiltaket i krav 4.3 er førebels ikkje starta opp. Miljøkontrollprogrammet der dette skal vere omtalt er ikkje utarbeidd.